



Utsikt

Foto: Torleiv Torgersen

Med ei slik utsikt treng du ikkje nødvendigvis termos for å bli sittande ei stund.

Køyr Nysetvegen til Randitjørn der vegen flatar seg ut. Her går det merka stig til Smettbak-Mefaringen. Ta så til venstre i fyrste krysset mot Mefaringen.

Stigen passerar den nedlagte stølen Skalledokki. Etter stølsvollen går stigen opp på ein liten rygg mot stølen Holli. Der finn du eit stigkryss der den rydda og merka stigen til Høgebrot går opp til høgde. Etter litt slak stigning opp bjørkelia kjem du inn på ei stor myr. Der stigen passerar ein liten bekk, ser du ned på heimstølen Torjusdokki på høgde sida. Følg stigen vidare oppover. Etter ca 500m står du på Høgebrot.

Du kan også velge ei alternativ rute frå krysset mot Mefaringen. Men denne stigen er ikkje rydda og merka og heller ikkje avmerka i kartet! Når stigen flatar ut får du ei stor myr på høgde sida. Etter å ha hoppa over ein liten bekk tek du til høgde gjennom skogen og kjem bort på heimstølen Torjusdokki. Følgjer du heimdre steingjerde oppover vollen kjem du til ein stig som går rett på Høgebråt.

Om du følgjer stigen vidare ned att passerer du fleire gamle stølar; Skalle, Dokki, Holli og Mefaringen. Her kan du ta vegen ned att til bilen eller dei sprekaste kan gå over Nysetfjellet og ta veg eller stig derifrå.



Køyre opp vestlia til Jonsetsvingen. Derfrå går bomvegen Nysetvegen opp og forbi Randitjørn.



Grei parkeringsplass på venstre side før Randitjørn. Evt på ein plass på venstre sida av vegen litt før bomvegen opp til Mefaringen (dersom du ynskjer å gå turen frå andre kanten).



Randitjørn – Høgebrot ca 2,5–3 km.



Gamle stølar, gamle stigar.



Grei merka stig.

For meir detaljert kart:
Veståsen/Sangefjell, tur og fritidskart, 1:50 000